



Arkivnr: 2015/4288-13  
Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

## Oversendingsspørsmål frå utval for opplæring og helse

### Bakgrunn for saka:

Sekretariatet har motteke vedlagte notat frå utval for opplæring og helse (OPHE) sitt møte 27.11.2018 med slikt oversendingsforslag:

«Dan Femoen (H) sette fram følgjande oversendingsforslag til Kontrollutvalet:

«Viser til RS 58/18 ad. spørsmål frå representanten Tore Andre Ljosland vedkommande spesialundervisning friskular.

Kontrollutvalet bes særleg vurdere lovtolkinga.

Eit spørsmål er om det ikkje vil vere eit brot på elevens rett til spesialundervisning dersom finansiering ikkje dekker dei reelle utgiftene. Det neste spørsmålet er om potten til spesialundervisning skal vere relatert til elevar som mottar spesialundervisning eller om det skal vere relatert til det totale elevtalet.»

### Røysting

Femoen sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.»

RS 58/18 Spørsmål vedkommande spesialundervisning friskular frå møte i OPHE 6.11.2018 ligg også ved.

### Drøfting:

Som det går fram av oversendingsforslaget er det ønskjeleg at kontrollutvalet vurderer lovtolkinga som er nytta i svar frå fylkesrådmannen som går fram av RS 58/18.

Kontrollutvalet sine oppgaver er regulert av kommuneloven kap. 12 (lov av 25.09.1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner) og Forskrift 15.06.2004 nr. 905 om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner.

Av merknadar til forskrifta kjem dette mellom anna fram;

*«Kontrollutvalget har ikke plikt til å behandle andre enn de saker som det får seg forelagt fra kommunestyret/fylkestinget, eller der det framgår av forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner. Når det gjelder henvendelser fra andre enn kommunestyret/fylkestinget eller revisjonen, må kontrollutvalget selv vurdere om saken hører under utvalgets kompetanseområde og om det vil prioritere saken.»*

Slik det kjem fram av merknaden til forskrifta er det kontrollutvalet sjølv som må vurdere om dei vil prioritera å bruke tid og ressursar på dette oversendingsforslaget frå OPHE. Andre moment som må diskuterast er om ei slik sak skal prioriterast framfør andre viktige saker og om kontrollutvalet har budsjett til å handsame saka.

Tema som gjeld spesialundervisning er ikkje på prioritert liste over forvaltningsrevisjonsprosjekt som går fram av rullert plan for forvaltningsrevisjon for denne valperioden. Rullering av planen vart gjennomført i kontrollutvalet vår/sumar 2018 og godkjent av utvalet i august 2018.

Slik sekretariatet ser det er det tre alternative måtar eit slikt oversendingsforslag kan handsamast av kontrollutvalet.

Alt. A.

- Dersom kontrollutvalet ønskjer å prioritere å bruke tid og ressursar på oversendingsforslaget kan utvalet be Deloitte gjera ei juridisk vurdering av saka.
- Utvalet bør i tilfelle be Deloitte om å komme med forslag til ein plan som viser korleis dei vil løyse oppgåva, kor mange timar dei reknar med går med og når arbeidet kan vera ferdig.
- Deloitte vil truleg på bakgrunn av det levere eit memo eller notat som viser korleis dei vurderer lovtolkinga.
- Kontrollutvalet rapporterer kun til fylkestinget slik at memo/notat i tilfelle må sendast til handsaming der med ei innstilling frå kontrollutvalet. Før saka går til fylkestinget må fylkesrådmannen ha fått høve til å uttale seg.

Alt B.

- Om kontrollutvalet ikkje skulle ønskje å prioriterer å bruke tid og ressursar på denne saka kan den sendast over til fylkesrådmannen for vurdering av om ho vil be fylkeskommunen sin advokat sjå på saka
- Då vert det opp til fylkesrådmannen å vurdere om ho vil bruke tid og ressursar på saka.

Alt C.

- Kontrollutvalet kan vedta at dei ikkje vil prioritere å bruke tid og ressursar på denne saka og melde dette tilbake til OPHE.

#### Konklusjon:

Det vert invitert til at kontrollutvalet diskutere dei tre alternative løysingane i møtet og kjem fram til kva alternativ dei ønskjer skal nyttast. Forslag til vedtak inneheld difor 3 alternative forslag til vedtak.

### **Forslag til vedtak**

**Alt. A:**

1. Kontrollutvalet ber Deloitte utarbeide ei vurdering av lovtolkinga i høve RS 58/18 i OPHE 6.11.2018.
2. Dei vert beden om å komme med forslag til ein plan som viser korleis dei vil gjennomføre arbeidet, kor mange timar dei reknar med går med og når arbeidet kan vera ferdig.
3. Planen skal leverast sekretariatet seinast innan 21.01.2019 og handsamast i neste møte i kontrollutvalet.

**Alt. B:**

1. Kontrollutvalet ønskjer ikkje å prioritere å bruke tid og ressursar på lovtolking i høve RS 58/18 i OPHE 6.11.2018.
2. Saka vert send over til fylkesrådmannen for vurdering av om ho vil be fylkeskommunen sin advokat sjå på saka.

**Alt. C:**

1. Kontrollutvalet ønskjer ikkje å prioritere å bruke tid og ressursar på lovtolking i høve RS 58/18 i OPHE 6.11.2018.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

**Vedlegg**

- 1 Utval for opplæring og helse 27.11.2018 - PS 102/18 Ymse - oversendingsspørsmål
- 2 Spørsmål vedkommande spesialundervisning friskular